



HJELMLAND KOMMUNE

Budsjett 2023 Økonomiplan 2023– 2026

Til handsaming i formannskapet 22. november

Til handsaming i kommunestyret 15. desember



Frå kåringa av "Årets Gladmatstand 2022" - foto: Tord F. Paulsen

Innhald

1.	Vedtak i budsjettet	s. 3	8. Budsjettkommentarar, handlingsplanar	s.35
	Bakgrunn og føringar	2. s. 6	- Politisk styring	s.35
2.1	Eigedomsskatt og kraftskatt	s. 6	- Rådmannen	s.36
2.2.	Særlege mål i perioden	s. 6	- Økonomi	s.37
2.3.	Økonomiske mål og føresetnader	s. 7	- Løn, personal. HMS og beredskap	s.38
2.3.1.	Eigedomsskatt på bolig og fritidsbustad	s. 9	- Prosjekt og digitalisering	s.39
2.3.2.	Gjeld	s. 9	- Samfunn og Næring overordna	s.40
2.3.3.	Sal av kommunal eigedom	s. 9	- Kommunikasjon/ kundesenter	s.41
2.3.4.	Total ramme for budsjettet	s. 9	- Bygg- og anlegg	s.42
2.4.	Statsbudsjettet 2023	s. 9	- Plan og forvaltning	s.43
2.4.1.	Satsingsområde i statsbudsjettet	s. 9	- Kultur	s.44
2.4.2.	Statsbudsjettet tal for Hjelmeland	s.10	- Helse og omsorg overordna	s.45
3.	Mål for drifta	s. 11	- Hjelmeland omsorgssenter	s.46
3.1.	Plansystem	s. 11	- Årdal omsorgssenter	s.47
3.2.	Hjelmeland kommune organisasjon	s. 11	- Helse og tilrettelagde tenester	s.48
3.3.	Visjon, mål og prioriteringar	s. 11	- NAV Hjelmeland	s.49
3.3.1	Overordna mål i kommuneplanen	s.11	- Barnevern	s.50
	Satsingsområde i kommuneplanen	s.12	- Oppvekst overordna	s.51
	Andre satsingar i budsjettperioden	s.12	- Hjelmeland barnehage	s.52
	- Berekraft		- Årdal barnehage	s.53
	- Klimabudsjett		- Fister barnehage	s.54
	- Digitalisering		- Jøsenfjorden barnehage	s.55
	- Velferdsteknologi		- Hjelmeland skule	s.56
	- Effektivisering/ Lean		- Årdal skule	s.57
	- Breiband prosjekt		- Kulturskulen	s.58
	- Hjelmeland Naturlegvis, prosjekt	s.13		
	- Vågen 360			
	- Næringsarbeid			
3.3.2.	Planstrategi	s.13		
4.	Økonomi og trendar	s.14	9. Gjeld og gjeldsgrad	s. 59
4.1.	Utvikling i folketalet	s.15	10.Investeringar	s. 60
4.1.2.	Prognosar utvikling i folketal	s.15	10.1 investeringar 2023 – 2026	s. 61
4.2.	Utvikling i netto driftsresultat	s.19	Finansiering	s.62
4.3	Utv. i sentrale inntekter og pensjonskost	s.20	10.3 Bevillingsoversikt	s.63
5.	Budsjett og rammer for 2020– 2023	s.21	10.4 Detaljoversikt prosjekter	s.64
5.1	Hovudoversikt drift	s.22		
5.1.1.	Bevillingsoversikt	s.22		
5.1.2.	Rammer og ansvar budsjettskjema 1.b.	s.23		
5.1.4	Budsjett per hovudområde	s.24		
5.1.5	Oversikt bruk av fond	s.25		
6.	VAR	s.25		
6.1.	Forventa utvikling i VAR kost	s.25		
6.2.	Grunnlag for VAR gebyr	s.25		
7.	Nye tiltak	s.27		
7.1	Nye tiltak som er med i budsjettet	s.27		
7.2	Rits ny organisering , eige rettssubjekt	s,28		
7.3	Nye tiltak budsjett rapportversjon	s.30		

Vedtak budsjett 2023

1. Det kommunale skatteøyret skal vere høgast lovlege sats for alle grupperingar, for 2023. Formueskatten vert rekna etter høgaste sats. Naturressursskatt vert rekna etter høgaste sats.
2. Hjelmeland kommunestyre vedtek investeringsbudsjett for 2023, jf. tabell over investeringstiltak i rådmannens utkast til budsjett, kap.10 s. 65 .med følgjande endringar:
3. Hjelmeland kommunestyre vedtek driftsbudsjett for 2023 slik det går fram av rådmannens utkast til budsjett. Kap 5.1, "Bevillingsoversikt» kap. 5.1.2 s.22 og «budsjettskjema 1B» kap. 5.1.3 s. 23 ., med følgjande endringar:
4. Rådmannen får fullmakt til å fordele netto budsjetttramme i «Budsjettskjema 1B» på dei ulike KOSTRA-artane.
5. Nettorammane er bindande for rådmannens disponering av budsjett.
6. Vedtak ved utskriving av eigedomsskatt for 2022 for Hjelmeland kommune:
I medhald av eigedomsskattelova §1 og § 3 skal følgjande utskrivningsalternativ nyttas for skatteåret 2023 :

Utskrivingsområde:

Utskriving av eigedomsskatt i heile kommunen, etter lov om eigedomsskatt til kommunane (esktl) § 3, 1. ledd bokstav a.

Promillesats:

Den alminnelege skattesatsen for skattepliktige eigedomar er 7 promille, jfr esktl § 11, 1. ledd. Skattesatsane vert differensiert med heimel i esktl § 12 bokstav a og b. Skattesats for bustaddel i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar og fritidsbustader, og ubebygde grunneigedomar (bustad-, fritids-og næringstomter) får eigen sats på 2 promille for skatteåret 2023. Eigedomsskattesats for næringseigedomar, oppdrettsanlegg og næringsdel ved blanda bruk, samt energianlegg er 7 promille.

Overgangsregel til §§ 3 og 4:

Kommunen har frå 2019 i tillegg til utskriving etter § 3, 1 ledd bokstav a nytta overgangsregel for utskriving av takst på særskilte skattegrunnlag (tidl. produksjonsutstyr for verk og bruk frå 2018 og produksjonsinstallasjonar på verk og bruk som tener produksjonen). Takst for særskilt skattegrunnlag frå skatteåret 2018 vert etter overgangsregel redusert med 5/7 for skatteåret 2023.

Botnfrådrag :

Det vert ikkje gitt botnfrådrag for bustaddel av eigedomar (herunder fritidseigedomar) som fyller vilkår om sjølvstendige bustaddelar, jfr esktl § 11, 2. ledd.

Takstvedtekter :

Takseringa er i samsvar med gjeldande vedtekter for eigedomsskatt, vedtatt i kommunestyret.

Takstgrunnlag

Kommunestyret gjer vedtak om utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2023. Utskrivinga er basert på Hjelmeland kommune sine retningslinjer ved alminnelege taksering frå 2020 etter lov om eigedomsskatt.

Fritak:

I medhald av esktl § 7, bokstav A kan ein unnta eigedom eller bygg eigd av stiftelsar og institusjonar som tek sikte på å gagna kommunen, fylket eller staten. Sakkunnig nemnd tilrår fritak til kulturbygg og anlegg som idrettsanlegg, samfunnshus, bedehus, mv. jfr.vedlagt liste med tilråding frå sakkunnig nemnd.

I medhald av esktl § 7 bokstav B kan ein fritak eigedom som har historisk verdi heilt eller delvis for eigedomsskatt. Sakkunnig nemnd tilrår at freda bygg og verneverdige bygg i klasse A og B (sefrak A og B) får fritak frå eigedomsskatt, jfr vedlagt liste med tilråding frå sakkunnig nemnd.

I medhald av esktl § 7 bokstav C kan ein fritak bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære i opptil 20 år frå den tida bygningen var ferdig. Det tilrår fritak i inntil 3 år for nye bustadar /våningshus, rekna frå første skatteår etter tatt i bruk/bygd. Gjeld nye bygg som ikkje er taksert for eigedomsskatt for skatteåret 2020, som er tatt i bruk/bygde etter 01.01.2020.

Fritaket gjeld ikkje tomt, fritidsbustad og andre bygg på eigedomen, som garasje, naust o.l. Nye tilbygg til eldre bustadar/våningshus inngår ikkje i fritaket.

Fritaket gjeld bygg med bygningskoder frå matrikkel: 111, 112, 113, 121,122, 123,124,131,133,135,136,141,142,143,144,145,146,151,159,162,163, koder for «Enebolig, Enebolig m/hybel mv, Våningshus, Tomannsbolig, Rekkehus, Kjedehus, Terrassehus, Andre småhus, Stor frittliggende bolig i flere etasjer, Bygning for bofelleskap, Helårsbolig/Våningshus benyttes som fritidsbolig»

Sakkunnig nemnd gis fullmakt til å vedta fritak for nye bygningar etter § 7 c i takstvedtak for skatteåret 2023. Liste over lovhjemla fritak etter esktl §5 og § 7 c for 2023 vert oppjustert for endringar til og med 31.12.2022, vedtas av sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og vert utlagt som del av eigedomsskatteliste for 2023.

Betaling:

Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar; med forfall (20.04, 20.06, 20.10 og 20.12) i skatteåret.

Kommunen tilbyr fleksibel fakturering. Som alternativ til 4 terminar kan ein mota faktura for kommunale avgifter for eigedomsskatt/vatn/avlau for 2023 i 1 termin med forfall 20.04 eller i 2 terminar med forfall 20.04 og 20.10.

7. Kommunale gebyr- og betalingsattsar vert vedtekne i eigne saker.
8. Ordførargodtgjersla for året 2023 vert tilsvarande 100% stilling, og vert sett til 90% av godtgjersle for stortingsrepresentant pr. 1. mai 2022, avrunda til kr 958 000,-.
Andre godtgjersler til folkevalde tek utgangspunkt i ordførargodtgjersla i samsvar med vedteke reglement for godtgjersle til folkevalde, jf. sak 081/19. Slik godtgjersle skal og justerast i tråd med ordføraren sin godtgjersle.
9. Det vert teke atterhald om endringar for årsbudsjettet dersom premissane i endeleg statsbudsjett gjer dette naudsynt.
10. Kommunestyret forventar at rådmannen legg fram månadleg oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien samanlikna med budsjett med forslag til budsjettjusteringar gjennom heileåret, ogat rådmannen legg fram for kommunestyret tertialrapport (per 30. april og 31. august).
11. Rådmannen skal vurderer alle stillingar som vert ledige i løpet av året for å sjå om dei treng å erstattast.

Verbalpunkt

1. Plan for utvinning av byggeråstoff Hjelmeland kommune set i gong med plan for utvinning av byggeråstoff.
Rådmannen kjem tilbake med sak til første det kommunestyremøte i 2023.
2. Temamøte IKT/RITS Kostnadar knytta til ikt/rits dobla seg i frå 2021 til 2022.
Kommunestyret ynskjer eit temamøte med avdelinga for å få meir innsikt i kva pengene går til og korleis det er med på å effektivisere dei ulike kommunale einingane.
3. Rådmannen ser på høve og trong om å halda symjebassenget ope fram til sommaren.

2. Bakgrunn og føringar

Kommunelova § 44, 45 og 46 fortel kva ei økonomiplan ogeit årsbudsjett i ein kommune skal innehalda.

Bakgrunn og grunnlag for arbeidet med budsjett 2023 er vedteke budsjett for 2022 med konsekvensjusteringar og vedtekne budsjettendringar i 2022. Vedteken økonomiplan 2022 -2025 og kommuneopplegget i statsbudsjett for 2023. Formannskapet har gitt føringar på at utkast til budsjett skal baserast på rammebudsjettering for dei ulike tenestoområda.

2.1.Eigedomsskatt, kraft inntekter og eigedomsskatt.

Eigedomsskatt

I budsjettet er det ikkje lagt opp til nokre endringar i eigedomsskatten. Ved omlegging av eigedomsskatten i 2020 vart det innført ei kompesasjonsordning som skulle dekke tapte inntekter. Slik det ser ut i dag får me ikkje kompensering for alle tapte inntekter. Dette gjeld skatt på verker og bruk.

Kraftinntekter

I tillegg til eigedomsskatten er det sal av konsesjonskraft som gir dei største inntektene når det gjeld kraft. For 2023 har me meldt uttak på 90,3 GWh. 86, 3 GWh er seld for 0,555 øre per KWh. Resten er lagt ut til såkalla spottpris med påslag. Også i 2023 må me tilbakekjøpa prissikring hos Fjordkraft .Brutto inntekter er budsjettert til 47 millionar kroner. NB! Når det gjeld 3,5 GWh som me så langt ikkje har prissikra er me usikre på kva som skjer med eventuell inntening. Me viser her til reglane som vart innført 28. september om sal av kraft. Når det gjeld dei neste åra vil me leggja opp til å prissikra ein del av kraftmengda og omsetta resten til marknadspris. Det er og grunn til minna om at det alminnelege forbruket av straum i Hjelmeland ser ut til å gå ned. Det betyr at me kan risikera å få ein redusert mengde kraft for sal.

Havbruksfond

Hjelmeland har dei siste åra fått gode utbetalingar frå Havbruksfondet. I 2021 rundt 7 millionar kroner. Dette totalt medrekna overføring etter avtale med Stavanger. Per dato er det usikkert korleis den nye grunnrenteskatten på havbruk vil slå ut for Hjelmeland. Det er sagt at me skal sitta igjen med meire enn det me har i dag. Totalt er det noko uklart kva me kan rekna med. Me har budsjettert med inntekter på kroner 7 mill.

2.2.Særlege mål i budsjettperioden

2800

2800 innbyggjarar er målet i vedteken næringsstrategi med handlingsplan. 2800 innbyggjarar innan 2030.

I tråd med handlingsplanen er det lagt inn midlar til auke av stilling som rådgivar næring. Det er og lagt inn midlar til eit prosjekt med mål om å få til ei rask etablering av fleire bustader.

Prosjektet Hjelmeland- Naturlegvis fortsett ikkje som prosjekt, men informasjonsarbeidet vert ført over til drift. I tillegg vil faste møteplassar bli gjennomført av driftsorganisasjonen. Dette gjeld også deltaking på Glad Mat 2023. Det er forslått vidare drift av kontorfellesskapet på Hjelmeland.

Leva heile livet, aldersvennleg samfunn, demensvennleg samfunn, e- helse.

Dette er satsingar Hjelmeland kommune har starte opp med. Fleire aktørar er med om denne satsinga, både kommunale og frivillige. For å sikre eit godt arbeid med desse satsingane er det lagt opp til ei styrking av rådgjevar stillinga knytt opp til Helse- og omsorg med 40% til ei 100% stilling.

Beredskap

Covid- pandemien, krigen i Ukraina, energikrise og mogleg matvarekrise er utfordringar som er nye for Hjelmeland kommune. I tillegg ser me at ekstremvær fører til større utfordringar også lokalt. Dette gjeld særleg nedbør som igjen fører til ras. Me skal og starte opp med fylling av hydrogenferjer på Viganeset. Totalt sett vert det stilt store krav til vår beredskapsorganisasjon. Dette gjeld innan førebygging, men også til planverk og handlingskompetanse når me har ein aktuell situasjon. Den daglege arbeidet med helse, miljø og sikkerheit må forbeholdt. For å ivareta denne funksjonen har me lagt inn ei auke i stilling ved løn- og personal. Denne avdelinga har også ansvar for HMS og beredskap.

2.3 Økonomiske mål og føresetnader

KS har utarbeidd ein modell for utvikling av forventa netto driftsresultat, basert på kommunens profil.

Tabellen syner nivå for Hjelmeland basert på vidareføring av driftsnivå for rekneskapen 2021 og eit nivået for Hjelmeland basert på tal frå 2023 – 2026 budsjettet for å sjå utvikling i eit lengre perspektiv

Resultater	Estimert ut frå rekneskap 2021	Budsjett 2023
Forventet netto driftsresultat ved stabil tjenesteproduksjon	9 %	-0,5 %
Langsiktig minimumsnivå for netto driftsresultat	4 %	0,0 %
Minimumsnivå for disposisjonsfond for å håndtere risiko	3 %	3,1 %
Kortsiktig minimumsnivå for netto driftsresultat for å bygge opp disposisjonsfond	4 %	0,0 %

Me har lagt inn budsjettala for neste periode i modellen og det er tydeleg at Hjelmeland bevegar seg mot meir økonomiske utfordringar. Driftsutgifter auker betrakteleg utan samsvarande auke i inntekter, og det blir ei relativ stor auke i lånegjeld dei kommande åra. Dette vil føra til at Hjelmeland vil ha ei retning mot eit negativ netto driftsresultat.

Det er eit uttrykt eit mål at Hjelmeland kommune skal gjere seg uavhengig av inntekter på konsesjonsavgift, i drifta, for å nytte desse til samfunns - og næringsutvikling, samt til investeringar i infrastruktur. Om Hjelmeland kommune skal gjennomføra dette utan å nytta kraftfondet må driftskostnader reduserast med om lag kr 8 000 000,-. Dette fordi det blir saldert med om lag dette beløpet i drifta kvart år frå kraftfondet.

I 2023 er saldering av avdrag på lån frå kraftfondet redusert med kr 3 mill. Men det står att kr 2 mill her og saldering med kraftfondet innan skogbruk, landbruk og kultur er som før.

I tillegg til bruk av kraftfondet brukar Hjelmeland alt overskot fra kjøp/ sal av konsesjonskraft direkte i driftsbudsjettet og desse inntektene blir dermed ikkje sett av til fond.

Det betyr at Hjelmeland vil få store utfordringar dersom inntektene frå sal av konsesjonskraft blir lågare enn forespeilla dei neste åra, eller at forbruket av straum går ned og me får mindre volum for sal i marknaden

Det er eit naudsynt mål at Hjelmeland kommune byggjer opp disponible fond for å redusere sårbarheita i høve til uføresette kostnader og for å kunna finansiera meir av investeringar med eigenkapital.

Driftsoverskotet bør i løpet av fire år nå eit mål som ligg over anbefala minimumsnivået på 1,7 %. I tillegg bør ein klart større del av kraftfondet nyttast til tiltak som er viktige for å få til nærings-etablering/ støtte, for å leggja til rette for nye arbeidsplassar.

På tross av dette finn rådmannen det vanskeleg å leggja opp til ei drift der kommunen blir uavhengig av kraftfondet dei næraste åra. Kraftfondet har vedtekter som er ein del av konsesjonsvilkåra. Rådmannen legg desse vedtektene til grunn ved bruk av kraftfond.

Med andre ord, rådmannen har ikkje funne det tilrådeleg å kutta i drifta for å unngå saldering med kraftfondet. Nye tiltak er også vurdert og med dagens organisering av tenestene er det naudsynt å styrka utvalde områder, samt å redusera andre stader.

Budsjettet er lagt opp med bruk av sjølvkostprinsippet innan VA sektor, men med ein skilde avvik frå dette. Dette gjeld 2 prosjekter som skal førast utanfor sjølv kost prinsippet.

2.3.1 Eigedomsskatt,

Fritak for nybygg.

Fortsett fritak for eigedomsskatt i tre år for nybygg.

2.3.2. Gjeld

Lånegjelda er pr 31.12.2022 estimert til kr 330,0 for investeringar og kr 48,3 mill. i startlån, totalt kr 364,4 mill.

Ved opptak nytt lån i 2023, ut i frå berekna behov på kr 58 mill. (53 mill. til inv. og 5 mill. til startlån), så vil total lånegjeld pr 31.12.2023 være kr 401,4 mill. Gjeldsgraden ved utgangen av 2023 vil da syne 106% brutto og 100% netto.

Gjeldsgrad er lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er korrigert for husbanken og rentebærande finansielle eigedelar.

Husbanken vert nytta aktivt av Hjelmeland kommune til startlån som vert vidareformidla. Dette vil bli handsama i kapitelet om gjeldsgrad under økonomiske analyser. Husbanken vert nytta aktivt av Hjelmeland kommune til startlån som vert vidareformidla. Sjå kap. om gjeldsgrad.

2.3.3 Sal og utleige av kommunale eigedomar.

Det er budsjettet med sal av kommunale bustader med kr 1 mill. kvart år i perioden 2023-2026.

2.3.4 Total ramme

Total ramme for budsjettet 2023 er på kr 377,8 mill. Dette er ei auke i budsjettet frå 2022 på kr 16,8 mill. 4,6 %.

2.4 Statsbudsjettet 2023

2.4.1. Satsingsområde i statsbudsjettet

Statsbudsjettet for 2023 vart lagt fram den 6. oktober 2022. Det er tydeleg at nasjonen Noreg har vore igjennom ei alvorleg krise.

Et budsjett som fordeler rettferdig og gir trygghet for folks kvardagsøkonomi

Regjeringa vil utjamne geografiske og sosiale forskjellar. Da må vi fordele betre. I tråd med Hurdalsplattforma skal dei med lave og vanlege inntekter få mindre skatt, mens de med de høyeste inntektene må bidra meir.

Eit budsjett som prioriterer trygghet for våre felles velferdstenester

Gode velferdstenester i hele landet er avgjerande for å gi folk trygghet i kvardagen og bidrar til å redusere sosiale og geografiske forskjellar. Regjeringa prioriterer derfor velferdstenestene i dette budsjettet og fortsett å investere i vår felles helse, våre eldre og i barna våre. Helsetenestene skal gi god hjelp, behandling og omsorg til befolkninga i hele landet.

Et budsjett som kutter utslepp og legger til rette for grønne arbeidsplassar

Klimakrisa kan ikkje settast på vent. Budsjettet legger opp til høye, nødvendige kutt av klimagassutslepp. Utslippsmåla skal nås samtidig som vi sikrar sosial og geografisk omfordeling.

Et budsjett som prioriterer all sin trygghet og viser solidaritet i en uroleg tid

Vi lever i en kravande tid med krig i Europa og mye usikkerheit om utviklinga framover. Regjeringa legger frem et budsjett som bidrar til å holde eigen befolkning trygg, både for dagens truslar og de som kan komme. Det er en av de viktigaste oppgåvene for en regjering. Budsjettet forsterkar den norske forsvarsvenen og styrker sivil beredskap.

Statsbudsjettet har ulike «kommunale» hovudprioriteringar for dei ulike departementa:

Kunnskapsdepartementet.

- eit rimelegare barnehage- og SFO-tilbod
- økt kompetanse og kvalitet i barnehagane
- tidlegare innsats i skole og barnehage og sosial utjamning.
- fleire skal fullføra vidaregåande opplæring og bli kvalifisert for læreplass, arbeid og vidare utdanning
- nye studieplassar i høgare yrkesfaglege utdanning

Regjeringa føreslår at *maksimalprisen for en barnehageplass blir redusert* til 3 000 kroner per måned frå 1. januar 2023.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet.

- Ein politikk for hele Norge, en aktiv distriktspolitikk
- omstilling og fornying i offentleg sektor digitalisering og ny teknologi
- vidareutvikling av bustadpolitikken
- Tenester nær folk i hele landet er et grunnleggande mål, regjeringa arbeider for ein *heilskapleg politikk for hele Norge*. en heilskapleg politikk for hele Norge en aktiv distriktspolitikk

Sektoren får dekket økte demografi- og pensjonskostnader, som er berekna til 2,5 mrd. kroner.

Helse og omsorgsdepartementet

- Allmennlegetenesta
- Sosialtenesta
- førebygging og behandling innan psykisk helse og rus

Regjeringa vil *auke rekruttering av fastlegar* og bidra til stabil legedekning i heile landet. Regjeringa foreslår derfor å auke bevillinga til nasjonale ALIS-avtaler slik at alle som startar spesialisering i allmenntillegisin kan få tilbod om en ALIS-avtale.

Auke basistilskotet til fastlegane frå 1. mai.

Opptrappingsplan for psykisk helse. Barn og unge prioriterast særskilt, bl.a. gjennom økt tilskott til helsestasjons- og skolehelsetenesta, digitale tilbod og oppsøkkande arbeid.

Barne- og likestillingsdepartementet

- inkludera barn og unge i fritidsaktivitetar
- økt utvida barnetrygd og avvikling av særfrådraget for einslege forsørgjarar
- styrke kvalitet i barnevernet sitt arbeid og tiltak
- istandsetting av kulturhistorisk viktige kyrkjebygg

Deltaking i *sosiale aktivitetar på fritida* er viktig i ein god oppvekst. Regjeringa foreslår å auke bevillinga til tilskott til å inkludera barn og unge i 2023. Aukinga skal blant annet kunne dekke kostnader for deltaking i fritidsaktivitetar, utstyrssentralar, opne møteplassar som fritidsklubbar, og loser som skal hjelpe unge med å fullføre utdanningsløp.

Kulturdepartementet

- frivillige organisasjonar
- lhbt+-feltet
- film- og dataspillformål

Landbruksdepartementet

- kompensasjon og forbetre inntektsmoglegheiter for landbruket
- etablering av Bionova
- beredskapslagring av matkorn for å betra matsikkerheit

Bevillinga til gjennomføring av jordbruksavtalen vert foreslått auka med 5 505 mill. kroner. Auken skal bidra til *kompensasjon og gi grunnlag for forbetra inntekta i næringa*.

Regjeringa prioriterer *beredskapslagring av matkorn for betre matsikkerheit*, ved å foreslå at dette skal utreias og etablerast.

Klima og miljødepartementet

- Enova si satsing på klimateknologi
- berekraftig forvaltning av naturressursane

- følge opp EUs grønne giv og «Klar for 55»-regelverket
- CO₂-kompensasjonsordningen for industrien
- Regjeringa foreslår å auke bevillinga til *Enova si satsing på klimateknologi* med 500 mill. kroner for å bidra til utsleppsreduksjonar i ikkje-kvotepiktig sektor.

Dette vil gjere det mogleg for Enova å forsterke innsatsen, eksempelvis innan elektrifisering av fartøy, tungtransport og anleggsmaskiner og utsleppsreduksjonar i ikkje-kvotepiktig industri.

Arbeids og inkluderingsdepartementet

- auke sysselsettinga
- skape et sikkert, seriøst og meir inkluderande arbeidsliv
- utforme gode velferdsordningar
- bidra til god integrering

For å *auke sysselsettinga* foreslår regjeringa blant annet ein ny ungdomsgaranti, som skal gi tidleg innsats og tett oppfølging til unge som trenger hjelp til å komme i arbeid.

Justis- og beredskapsdepartementet

- samfunnssikkerheit
- å være til stades i hele landet
- rettssikkerheit

Den russiske invasjonen av Ukraina har ført til store endringar i det sikkerheitspolitiske bildet i Europa og Norge. Regjeringa prioriterer *samfunnssikkerheit* og foreslår derfor å vidareføre tiltak igangsett i 2022 for økt sivil beredskap

Samferdselsdepartementet

- et trygt og framkommeleg vegnett i hele landet
- et godt togtilbod etter koronapandemien
- halvere ferjetakstar og gratis ferjer til samfunn utan fastlandsforbindelse
- nye lufthamner i Nordland
- tiltak mot sosial dumping i samferdselssektoren

Det vert foreslått å gje 82,7 mrd. kroner til formål under Nasjonal transportplan (NTP). Det inneberer en reell reduksjon på 0,8 mrd. kroner frå Saldert budsjett 2022.

2.4.2 Statsbudsjettet, tal for Hjelmeland.

Innbyggjartilskot

Forslaget i Statsbudsjettet 2023 er eit rammetilskot til Hjelmeland kommune(etter inntektsutjamning) på kroner 107 mill.

Av desse er skjønnsmidlar over stats-budsjettet på kroner 1,5 mill. Dette er i høve til ambulansetjenesten.


Skatt

Skatteanslaget for inntekt og formue er sett til kroner 104 mill for 2023 og kroner 107 mill. for åra 2024-2026.

Frie disponible inntekter for Hjelmeland kommune er stipulert til kr 211 mill. for 2023

3.Mål for drifta

3.1Kommunalt plansystem



Modellen syner samanhengen mellom kommunale planer.

3.2 Hjelmeland kommune, organisasjon

Politisk organisasjon

Kommunestyret, er ansvarleg for drifta av kommunen.

Formannskapet, er kommunestyret sitt arbeidsutval, men har delegert rett til å avgjera i nokre saker. Formannskapet er planutval og økonomiutval.

Forvaltningsutval, arbeider med plan- og forvaltning og er arbeidsutval for kommunestyret i slike saker.

Administrasjonsutval, politisk valde medlemmar saman med eit utval tillitsvalde. Dei handsamar saker som vedkjem kommunen sine medarbeidarar, slik som t.d. heiltidskultur, arbeidsgivarstrategi, rekrutteringstiltak.

Ordføraren, har ansvar for møteinnkalling og møteleiing. Kommunestyret kan delegere saker til ordførar. Er kommunen sitt fremste ombod for innbyggjarane. Kan få delegert oppgåver av kommunestyret.

Varaordførar er ordføraren sin stadfortredar.

Administrativ organisasjon, organisasjonskart



3.3.Visjon, mål og prioriteringar

Vedteken KOMMUNEPLAN 2019 – 2031 har visjonen:

Hjelmeland , naturlegvis!

Visjonen er grunnlag for planer, utvikling og tenesteyting. Visjonen gjev uttrykk for eit ynskje om positivt samspel mellom kommunen sine tilsette, innbyggjarane og naturen rundt oss. Ein vil signalisere at ein ynskjer å bruke natur og naturressursar til helse, rekreasjon og friluftsføremål.

3.3.1 Overordna mål i kommuneplanen.

Hovudmål:

Jobb og attraktivitet. Å leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn.

Næringsstrategien som vart vedtatt i 2022 har 2800 innbyggjarar som visjon.

Satsingsområde i kommuneplanen er:

Vidareutvikle «trekantssamarbeidet»

... offentlig, privat og frivillig sektor for å skape ein basis for felles lokalsamfunnsutvikling med vekst i folketalet.

Næringsutvikling med basis i eksisterande næringar, der reiseliv vert særleg vektlagt. Dette arbeidet vil fortsetta.

Lokalsamfunnsutvikling

Særleg arbeid med bustadutvikling i alle bygder.

I ny næringsstrategi og handlingsplan har bustadutvikling kome til

Andre viktige målsettingar i

budsjettperioden SN sine bærekraftsmål

Saman med dei andre landa som er medlemmar av SN har Norge vedtatt bærekraftmåla. 17 målsettingar som gjeld heileverda. Hjelmeland kommune må også vurdera vår aktivitet og tenestproduksjon opp mot desse måla



Klimabudsjett

Me fortsett satsingane i budsjettet og vil i 2023 arbeide med følgjande målsettingar:

- Innkjøp av el. Bilar fortsett.
- Får 2023 vil me «lease» ein el. Bil som skal nyttast til kommunale reiser.
- Fortsett bruk av digitale møteplassar
- Omsorgssentera skal miljøsertifiserast
- Krav om klimanøytrale nybygg
- Fortsetta utbygging av SD anlegg
- Bytte til LED belysning fortsett.

Digitalisering

Ofte omtalar omtalar me digitalisering saman med omgrepet effektivisering. I mange samanhengar er det riktig, men ikkje ialle. Me fortsett arbeidet med:

DigiBarnvern, DigiHjelpen, DigiSos, Ein innbyggjar ein journal, Verktøykasse plan- og byggesak, Svar Ut tenesta, Forbetringar av helsenorge.no, KS Læring, Arkivintegrasjonar, Arbeidsflytar Acos Eigedom. eHelse

Velferdsteknologi

I tillegg satsar me vidare på Velferdsteknologi. Dette vil bli så ressurskrevjande at me ser for oss ein ekstra ressurs til dette.

Velferdsteknologi er på mange måtar tryggleiksteknologi i heimetenesta og sjukeheim.

I tillegg kjem ein del administrative programmer.



Trepartssamarbeid under Glad mat. Foto Hilde Hauge

Effektivisering

Dette arbeidet er i gang. For 2023 vil det være ei særleg satsing innan Bygg- og anlegg.

Breiband prosjekt

Prosjektet har no vore etablert i to år. Om me greier å halde dagens tempo vil me nå målet i 2025.

Følgjande område skal byggast ut i 2023:

- Kvame
- Jøsenfjorden
- Målandsdalen
- Fjedlet
- Hagalid

Hjelmeland Naturlegvis

Kommunestyret har vedtatt å etablere prosjektet Hjelmeland med Ryfast. Målet med prosjektet er å sikre aktivitet i tråd med satsingane i kommuneplanen.

2022 er siste år av prosjektet. For 2023 vil me ta mykje av aktiviteten som har blitt starta opp under prosjektet over i drift.

Nettstaden Hjelmeland Naturlegvis som skal sikre god informasjon om det som er tilgjengeleg Hjelmeland når det gjeld fritidsaktivitetar, bustader, jobbar, fritidsbustader, og tenestetilbod.

Facebook side som kommunen administrerer, men kor me legger ut kultur arrangement og andre arrangement. Desse sidene er slik at frivillige og kommersielleverksemdar og kan nytta dei..

Møteplassar.

Me vil fortsetta med hyttefrukost. Romjulsamling med mål om eit møte mellom arbeidsplassar og aktuelle framtidige arbeidstakarar.

Kontorfellesskap har me som mål å kunna fortsetta i eit år til.

Me vurderer sommarmarknad i Vågen, med litt anna vri enn tidlegare.

Me vil arbeida med stand på Glad mat også dette året.

Vågen 360

Dette arbeidet er no kome så langt at me no har ein vedteke sentrumsplan. Arbeidet fortsett med å sjå på ein rask boligbygging.

Næringsarbeid

Me har tilsett ein eigen kommunalsjef for samfunn og næring.

Denne vil ha eit særleg ansvar for næringsarbeidet saman med rådgivar for næring. Det viktigaste ansvaret er å halda fokus på næringsstrategi og handlingsplan som er knytt opp mot denne. Kommunalsjefen vil også være ansvarleg for satsinga innan reiseliv.

2.3.2 Planstrategi

I september 2021 vedtok kommunestyret ein planstrategi. Strategien lister opp kva planer som skal utarbeidast i 2022 og 2023.

Som ein kan sjå er det eit stort utredningsarbeid som er planlagt, me ser at me ikkje har den kapasiteten eit slikt arbeid vil krevja. Desse planane må lagast i 2023::

- Plan for fritidstilbod til barn og unge.
- Plan for meir næringsareal i samband med ny 132 kraftlinje.
- Plan for utvinning av byggeråstoff,
- Plan for kommunale leikeplassar og grøntområde.
- Hovudplan for vatn.
- Områdeplan Vågen.
- Planer for sentrum i Årdal og Firster
- Prosjektering av Hjelmeland ungdomsskule.
- Årlege folkehelse kartleggingar

I tillegg må nokre planer rullerast..



Gladmatretten frå Smaken av Ryfylke, foto Feien og Fjong, Hilde Haug

4.Økonomi og trendar/ utvikling


4.1 Utvikling i folketalet

Diagramma syner at det er forventa at folketalet vil halda seg relativt stabilt fram mot 2026, då er det lagt inn ei prognose på at det endrar seg til og at man vil sjå ei lita nedgang fram mot 2032. Frå 01.01. 2020 gjekk om lag 80 innbyggjarar på Ombo over til Stavanger. Det utgjer ein del i høve til rammetilskot og skatt .

Det er ei utfordring at talet på dei som er 26- 65 går nedover. Når me og samstundes ser at talet på dei som er 66 år og meir stig, er det heilt innlysande at det vil vera knappe ressursar til å takla eldrebølgja. Den bølga har nådd oss nå. Dei som er arbeidsfør og betaler skatt av løna arbeid vært færre medan dei som betaler skatt av pensjonsytingar og har meir trong for omsorgstenester stig. I høve til desse prognosane er det naudsynt at Hjelmeland kommune vri meir

ressursar frå unge til eldre. Me auka ressursar innan Helse og omsorg i 2022, men me er ikkje i mål. Det vil visa av prioriteringar i nye tiltak. Me vidarefører kutt innan oppvekst slik som det blei vedteke for handlingsplanen 2022-2025.

Samstundes så vil det vera viktig å ha gode oppvekst tilbod om me skal kunne få til auka busetting. Noko som igjen vil løyse utfordringane med arbeidskraft innan helse og omsorg og kommunen sin økonomi. Som nemnd tidlegare vil bruk av velferdsteknologi og andre digitale hjelpemiddel i tenestene, kunne løysa nokre av utfordringane. Naudsynt reduksjon i talet på tilsette samstundes som nivå og kvalitet på tenestene framleis må være av god kvalitet gjer utfordringar til politiske og administrative leiarar i kommunen






4.1.2. Utvikling i folketalet i Hjelmeland og våre nabokommunar

	Befolkning 01.01.2022	Fødsels overskot	Innflytting	Utflytting	Endring folketal 2022	Befolkning utg 2 kv. 2022	
1133 Hjelmeland	2 534		2	97	-43	56	2 590
1130 Strand	13 268		34	229	-175	88	13 356
1134 Suldal	3 784		-6	51	-59	14	3 770
1135 Sauda	4 525		-22	86	-63	1	4 526

Folkevekst samanlikna med andre Ryfylke kommunar i 2022


I 2022 har det vorte fleire innbyggjarar dei 2 fyste kvartala i Hjelmeland, det same skjer i Strand, Sauda er stabilt medan Suldal får litt færre. Hovudårsaka til auken i Hjelmeland er nye flyktningar i 2022. Kilde SSB

4.1.2. Utvikling folketal Hjelmeland, frå KS demografimodell



Innbyggersammensetning i kommunen

Fremskriving med SSB MMMM-alternativ TBU metode / kommunens egne tall



4.1.3 Demografi og behov for tenester

KS sitt estimat for komande utgiftsbehov

Anslag årlig endring i kommunens utgiftsbehov (i 1000 kroner)								
per tjenesteområde som følge av befolkningsendringer								
(2022 kroner og endring fra 1.1.2022)								
Endring							SUM	
utgiftsbehov p	Pleie- og omsorg	Grunnskole	Barnehage	Sosial	Kommune helse	Barnevern	HJELMELAND	
2023	2 260	-786	-1 440	40	96	-192	-23	
2024	1 393	-472	496	-11	13	-31	1 389	
2025	-696	-1 415	-688	-25	8	-155	-2 972	
2026	2 064	-1 887	-624	-24	71	-172	-572	
2027	2 484	-2 831	459	81	-19	-187	-12	
2028	3 166	-157	-688	-45	80	-86	2 269	
2029	386	-1 415	688	-7	-4	-99	-451	
2030	4 086	-315	0	-51	67	-62	3 726	
2031	1 961	-2 831	64	5	16	-206	-992	
2032	1 651	-944	0	-57	60	-101	610	
Sum 2023-2032	18 755	-13 052	-1 733	-94	388	-1 291	2 972	

Tabellen indikerer endring i behov for midlar på ein del hovudområde og sum for kommunen, for kvart år fra 2023 til 2032

Dette er en følgje av demografi endringane og me følgjer langt på veg desse prognosane i foreslegne nye tiltak Fram mot 2032 vil Hjelmeland få tilført ei auka ramme på 3 mill. (2022 kroner) dette er summen av estimerte reduserte og auka behov

Dette biletet finn ein også ved å sjå på endringar per aldersgruppe frå 2015 og fram mot 2040

Kort oppsummert har den «teoretiske eldrebølga» blitt ein realitet og helsesektoren slit allereie med å oppfylle alle krav til forsvarleg tilbod.

Andre grupper blir færre, det gir færre born i barnehagar, færre elevar og færre i arbeidsdyktig aldersgruppe 26-65 år Dette påverkar og innretningar i budsjettet

	2015	2018	2020	2021	2022	2023	2025	2030	2035	2040	2015-2030	2030-2040
0-5 år	232	210	184	165	153	146	143	143	146	153		
Endring		-22	-26	-19	-12	-7	-3	0	3	7	-89	10
6-15 år	395	388	352	360	350	345	333	291	261	261		
Endring		-7	-36	8	-10	-5	-12	-42	-30	0	-104	-30
16-25 år	325	317	297	293	284	283	289	278	263	232		
Endring		-8	-20	-4	-9	-1	6	-11	-15	-31	-47	-46
26-65 år	1370	1286	1222	1229	1208	1205	1198	1203	1180	1164		
Endring		-84	-64	7	-21	-3	-7	5	-23	-16	-167	-39
66-75 år	272	299	305	322	321	317	313	292	304	332		
Endring		27	6	17	-1	-4	-4	-21	12	28	20	40
76-89 år	167	194	185	186	195	220	235	285	323	313		
Endring		27	-9	1	9	25	15	50	38	-10	118	28
90 år og o	24	29	29	25	23	24	25	31	40	64		
Endring		5	0	-4	-2	1	1	6	9	24	7	33

Tabellen syner endringar i dei forskjellige aldersgrupper frå 2015 og fram mot fysst 2030, og så i neste periode til 2040


Frå 2015 til 2022 er tala reelle, frå 2023 er det ut i frå SSB sine framskrivingar av busetnad

Når det kjem til helsesektoren og ein ser på utviklinga, så er auken i talet på innbyggjarar 70+ ein ting, noko ane er auka behov for tenester og hjelp i kvardagen. Det er berekna i KS sin tabell over utgiftsbehovet, men lokale faktorar spelar inn.

Omsorgssentera og heimetenesta nyttar IPLOS for å følgja med på utviklinga i behov for tenester pr brukar.

Tabellen under syner utvikling av IPLOS faktor pr brukar på ei avdeling ved ÅOS frå 2019- 2022, dess høgare faktor, dess meir pleie, hjelp og tilsyn. Me har følgd tala sidan 2019 og det har vore ei naturleg utskifting av bebuarar. Derfor er det forskjell på talet på søyler pr brukar.

Gjennomsnittleg Ipløs faktor har auka frå 2,86 i 2019 til 4,1 i 2022. Ein ser same utvikling på andre avdelingar.



Ved HOS er det blitt fleire brukarar i heimetenesta og dei har og sett på IPLOS faktoren for bebuarar i omsorgsbustader

Det kjem tydeleg fram at oppgåver aukar og at brukarane av omsorgstenester blir meir krevjande


Denne situasjonen kjem til syne i behov for nye driftstiltak i budsjettet

4.2. Utvikling i netto driftsresultat

Netto driftsresultat er ein viktig faktor for å analysera kommunen sin økonomi. Tidlegare har me nemnd at teknisk berekningsutval gir råd om 1,7% netto driftsresultat. Kommunelova krev nå at kommunen skal ha eit mål om netto driftsresultat. Hjelmeland har ikkje eige vedtak på netto driftsresultat, hittil har me vald å søka å oppretthalda dei anbefala 1,7%. For 2023 er det algt opp til netto driftsresultat på under 1%.

Med tanke på dei kommande åra bør kommunen ha eit mål på driftsresultatet som minst ligg på 1,7%. Vi er ikkje der pr i dag men må byrja å planlegga å komma dit.

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Sum driftsinntekter	319 640	338 439	336 176	352 687	362 415	348 867	377 846	386 546	383 546	383 546
Sum driftsutgifter	307 839	314 794	331 167	332 130	344 797	354 039	385 882	389 727	389 851	390 079
Sum driftsutgifter eksklusive avskrivning	290 955	297 036	312 973	312 758	324 877	331 090	362 843	366 687	366 811	367 039
	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2025
Netto driftsresultat	16 514	29 944	11 699	28 001	24 900	6 746	2 524	6 980	2 856	2 027
Brutto driftsresultat	11 800	23 645	5 009	20 557	17 617	-5 172	-8 036	-3 181	-6 304	-6 533
Bruk av bundne driftsfond	12 272	11 014	11 838		13 048	11 131	7 471	7 471	7 471	7 471
Bruk av driftsfond					264	6 102	5 802	5 802	5 802	5 802
Avsatt bundne fond	15 398	15 542	16 268		16 231	11 948	14 500	14 500	14 500	14 500
Avsetninger driftsfond	2 658	19 454	11 937		21 982	12 032	1 297	5 753	1 629	800504
Netto avsatt til bundne fond				4 406	3 183	817	7 029	7 029	7 029	7 029
Netto avsatt til ubunde fond				30 021	21 718	5 930	-4 505	-49	-4 173	794 702
Slutresultat	9 376	15 338	6 426	-	-	-	-	-	-	1
Driftsresultat i % av inntekter	5,17	8,85	3,48	7,94	6,87	1,93	0,67	1,81	0,74	0,53



Om me skal endra bruken av kraftfondet er det naudsynt med enten meir inntekter eller reduserte kostnader

Per nå er budsjettet for heile neste periode sett på eit absolutt minimumsnivå og godt under 1,7%. Dette er årsaker til den store endringa i førespegla netto driftsresultat framover i tid.

4.3 Utvikling sentrale inntekter og pensjonskostnader.

BUDSJETT	R2021	B2022	B2023	B2024	B2025	B2026
Pensjonskostnad KLP	14 321 658	17 478 973	19 850 000	24 103 000	26 546 000	29 015 000
L-Pensjonsinnskott SPK	3 004 796	4 090 536	4 119 000	3 924 000	3 924 000	3 924 000
Rammetilskott	-109 724 000	-108 800 000	-115 000 000	-114 000 000	-114 000 000	-114 000 000
Inntektsutjamning	8 998 654	7 400 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000
Skatt på inntekt og formue	-84 960 754	-100 500 000	-104 300 000	-106 700 000	-106 700 000	-106 700 000

Tala på frie inntekter er henta frå prognosemodellen til KS, den pleier å stemma godt for Hjelmeland, men me kan gjera nokre tilpassingar.

Prognosemodellen opererer med 2023 kroner for hele perioden

Skatten ligg jamt i periode, dette er knytt til talet på personar som skattar til kommunen. Me pleier å enda på litt betre skatteinntekter enn førespegla, men nå er det framleis usikkert korleis naturressursskatten vil enda for oss

Pensjonstal er henta frå KLP og SPK sine prognosar. Pensjonskostnaden til KLP aukar for kvart år. Det er usikre tal utover i perioden men me må ta høgde for at pensjonskostnader kjem til å auke mykje i neste periode.



Standen fekk fem nominasjonar av seks mogelge. Foto Feien og Fjong, Hilde Hauge.

5. Budsjett og rammer for 2022- 2025

5.1.1 Hovudoversikt drift 22-26.

Merk at naturressursskatten blir flytta til «Andre direkte eller indirekte skattar» i rekneskapan til årsoppgjeret.

I budsjettet ligger den under Skatt på inntekt og formue, den er inkludert i denne posten gjennom året og vi veit ikkje talet før årsoppgjeret

Tala for brutto og netto driftsresultat synar omvendt verdi i denne tabellen, eit minustal før talet betyr positivt tal og vice versa

Rammetilskudd	-100 725	-101 400	-107 000	-106 000	-106 000	-106 000
Inntekts- og formuesskatt	-84 961	-100 500	-104 300	-106 700	-106 700	-106 700
Eiendomsskatt	-35 271	-36 000	-31 900	-31 900	-31 900	-31 900
Andre skatteinntekter	-37 274	-15 000	-15 500	-15 500	-15 500	-15 500
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-8 642	-13 735	-20 735	-19 035	-16 035	-16 035
Overføringer og tilskudd fra andre	-34 146	-16 618	-20 283	-20 283	-20 283	-20 283
Brukerbetalingar	-11 166	-9 184	-7 159	-7 159	-7 159	-7 159
Salgs- og leieinntekter	-50 229	-56 430	-70 969	-79 969	-79 969	-79 969
SUM DRIFTSINNEKTER	-362 415	-348 867	-377 846	-386 546	-383 546	-383 546
Lønnsutgifter	177 062	173 640	192 520	192 170	191 498	191 298
Sosiale utgifter	37 156	41 984	45 048	46 673	46 518	46 497
Kjøp av varer og tenester	88 478	93 962	102 959	105 528	107 078	107 528
Overføringer og tilskudd til andre	22 182	21 504	22 516	22 316	21 716	21 716
Avskrivningar	19 920	22 949	23 039	23 039	23 039	23 039
SUM DRIFTSUTGIFTER	344 797	354 039	386 083	389 727	389 851	390 079
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-17 618	5 172	8 237	3 181	6 304	6 533
Renteinntekter	-2 116	-2 910	-3 210	-3 210	-3 210	-3 210
Utbytter	-6 262	-6 300	-6 500	-6 500	-6 500	-6 500
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-1 056	0	0	0	0	0
Renteutgifter	4 053	6 241	6 241	6 241	6 241	6 241
Avdrag på lån	18 018	14 000	16 000	16 400	17 400	18 000
NETTO FINANSUTGIFTER	12 636	11 031	12 531	12 931	13 931	14 531
Motpost avskrivningar	-19 920	-22 949	-23 092	-23 092	-23 092	-23 092
NETTO DRIFTSRESULTAT	-24 901	-6 746	-2 324	-6 980	-2 856	-2 027
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0	0	0	0
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til bundne driftsfond	16 231	11 948	14 500	14 500	14 500	14 500
Bruk av bundne driftsfond	-13 048	-11 131	-7 471	-7 471	-7 471	-7 471
Avsetningar til disposisjonsfond	21 982	12 032	1 097	5 753	1 629	801
Bruk av disposisjonsfond	-264	-6 102	-5 802	-5 802	-5 802	-5 802
Dekning av tidlegare års merforbruk	0	0	0	0	0	0
SUM DISPONERINGAR ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	24 901	6 746	2 324	6 980	2 856	2 027
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	0	0	0	0	0	0

5.1.2 Bevilingsoversikt

Tabell i 1000 kr	Regnskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Rammetilskudd	-100 725	-101 400	-107 000	-106 000	-106 000	-106 000
Inntekts- og formuesskatt	-84 961	-100 500	-104 300	-106 700	-106 700	-106 700
Eiendomsskatt	-35 271	-36 000	-31 900	-31 900	-31 900	-31 900
Andre skatteinntekter	-37 274	-15 000	-15 500	-15 500	-15 500	-15 500
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-8 642	-13 735	-20 735	-19 035	-16 035	-16 035
Overføringer og tilskudd fra andre	-34 146	-16 618	-20 283	-20 283	-20 283	-20 283
Brukerbetalinger	-11 166	-9 184	-7 159	-7 159	-7 159	-7 159
Salgs- og leieinntekter	-50 229	-56 430	-70 969	-79 969	-79 969	-79 969
SUM DRIFTSINTEKTER	-362 415	-348 867	-377 846	-386 546	-383 546	-383 546
Lønnsutgifter	177 062	173 640	192 520	192 170	191 498	191 298
Sosiale utgifter	37 156	41 984	45 048	46 673	46 518	46 497
Kjøp av varer og tjenester	88 478	93 962	102 959	105 528	107 078	107 528
Overføringer og tilskudd til andre	22 182	21 504	22 516	22 316	21 716	21 716
Avskrivninger	19 920	22 949	23 039	23 039	23 039	23 039
SUM DRIFTSUTGIFTER	344 797	354 039	386 083	389 727	389 851	390 079
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-17 618	5 172	8 237	3 181	6 304	6 533
Renteinntekter	-2 116	-2 910	-3 210	-3 210	-3 210	-3 210
Utbytter	-6 262	-6 300	-6 500	-6 500	-6 500	-6 500
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-1 056	0	0	0	0	0
Renteutgifter	4 053	6 241	6 241	6 241	6 241	6 241
Avdrag på lån	18 018	14 000	16 000	16 400	17 400	18 000
NETTO FINANSUTGIFTER	12 636	11 031	12 531	12 931	13 931	14 531
Motpost avskrivninger	-19 920	-22 949	-23 092	-23 092	-23 092	-23 092
NETTO DRIFTSRESULTAT	-24 901	-6 746	-2 324	-6 980	-2 856	-2 027
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0	0	0	0
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	16 231	11 948	14 500	14 500	14 500	14 500
Bruk av bundne driftsfond	-13 048	-11 131	-7 471	-7 471	-7 471	-7 471
Avsetninger til disposisjonsfond	21 982	12 032	1 097	5 753	1 629	801
Bruk av disposisjonsfond	-264	-6 102	-5 802	-5 802	-5 802	-5 802
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	24 901	6 746	2 324	6 980	2 856	2 027

Tabell i 1000 kr	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
------------------	---------------	---------------	---------------	---------------	---------------	---------------

Tabell i 1000 kr	Regnskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Rammetilskudd	-100 725	-101 400	-107 000	-106 000	-106 000	-106 000
Inntekts- og formuesskatt	-84 961	-100 500	-104 300	-106 700	-106 700	-106 700
Eiendomsskatt	-35 271	-36 000	-31 900	-31 900	-31 900	-31 900
Andre generelle driftsinntekter	-45 916	-18 735	-36 235	-34 535	-31 535	-31 535
SUM GENERELLE DRIFTSINTEKTER	-266 873	-256 635	-279 435	-279 135	-276 135	-276 135
Sum bevilgninger drift, netto	229 336	238 758	264 632	259 277	259 400	259 629
Avskrivninger	19 920	22 949	23 039	23 039	23 039	23 039
SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	249 256	261 707	287 672	282 316	282 440	282 669
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-17 618	5 072	8 237	3 181	6 304	6 533
Renteinntekter	-2 116	-2 910	-3 210	-3 210	-3 210	-3 210
Utbytter	-6 262	-6 300	-6 500	-6 500	-6 500	-6 500
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-1 056	0	0	0	0	0
Renteutgifter	4 053	6 241	6 241	6 241	6 241	6 241
Avdrag på lån	18 018	14 000	16 000	16 400	17 400	18 000
NETTO FINANSUTGIFTER	12 636	11 031	12 531	12 931	13 931	14 531
Motpost avskrivninger	-19 920	-22 949	-23 092	-23 092	-23 092	-23 092
NETTO DRIFTSRESULTAT	-24 901	-6 846	-2 324	-6 980	-2 856	-2 027
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0	0	0	0
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	16 231	11 948	14 500	14 500	14 500	14 500
Bruk av bundne driftsfond	-13 048	-11 131	-7 471	-7 471	-7 471	-7 471
Avsetninger til disposisjonsfond	21 982	12 032	1 097	5 753	1 629	801
Bruk av disposisjonsfond	-264	-6 102	-5 802	-5 802	-5 802	-5 802
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
SUM DISPONERINGER ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	24 901	6 846	2 324	6 980	2 856	2 027
FREMFØRT TIL INNDEKNING I SENERE ÅR	0	0	0	0	0	0

5.1.3.Rammer per ansvar og pr hovudområde. Budsjettskjema 1B

Tabell i 1000 kr		Regnskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Ansvar	Hjelmeland	229 381	238 758	264 632	259 277	259 400	259 629
1000	Rådmann og ass rådmann	6 358	7 213	7 068	7 068	7 068	7 068
1001	Politisk nivå	4 266	4 479	4 790	4 790	4 790	4 790
1002	Næringsliv	4 149	4 611	4 400	4 200	3 600	3 600
1003	Den Norske Kirke	3 760	4 100	3 250	3 250	3 250	3 250
1100	Fagområde IKT	4 917	3 138	3 590	3 590	3 590	3 590
1101	Ikt RITS	4 590	9 986	10 230	9 990	9 990	9 990
1200	Kundesenter	2 522	2 572	3 307	3 307	3 307	3 307
1300	Plan, utvikling og forvaltning	2 713	5 180	5 160	5 160	5 160	5 160
1400	Økonomi	4 416	5 362	5 556	5 556	5 556	5 556
1600	Fagområde personal	5 303	6 186	6 467	6 467	6 467	6 467
1800	Fellesutgifter	-13	478	398	398	398	398
2000	Oppvekst	7 919	11 091	7 740	5 865	5 865	5 865
2100	Kulturskolen	2 437	2 362	2 528	2 528	2 528	2 528
2100	Hjelmeland skule	30 523	30 541	32 476	32 436	32 436	32 436
2200	Årdal skule	8 958	8 623	9 784	9 784	9 784	9 784
